

Storfjordnytt

Lokalavis for indre Sunnmøre

Torsdag 12. april 2012

Nr. 15 • Årgang 33 • Laussal kr 20

Klart dei kunne!



Dramatisk frå krigen

Rømde russiske krigsfangar og modige bygdefolk, er ei historie som nesten ikkje er til å tru. Fuglen på biletet er laga av rømlingane som gøymde seg på Langdal.

SIDE 6-7



Kort for born

Stordal kommune blir med på fylket sitt opplevingskort for born og unge av foreldre med dårlig råd.

SIDE 2-3



Soknerådsmedlemmane Ida Hollum Relling, Kari Elisabet Løvoll Dalhus (Ågot Grueli) og Martin Nystad er lettare sjokkert over Ragnhild Solli Grønningseter (Klara Glajordet) som troppar opp på soknerådsmøtet i den tru at ho skal på spahelg.

Tradisjonen tru var grendasalen i Norddal fullsett av festkledd menneske då årets NIL-fest gjekk av stabelen påskeaftan. Festen hadde fått namnet «Klart ey kan!», og dei frammøtte fekk sjå og høyre eit variert og innhaldsrikt program som mellom anna inneheldt

mimring, sketsjar og gode musikalske prestasjonar. I tillegg vart det også høve til å nyte god mat og svinge seg i dansen til langt på natt.

SIDE 8-9

Kombistativ Euro/Hydro pall
+200 Vedsekk Europall
Kr 3990 ekskl mva
Tilbudet gjeld veke 15 og 16, så langt lageret rekk.

Tid for ved

Du finn oss i Djupøyna VALLDAL

REMSETH MASKIN AS
6210 Valldal - Tlf. 70 25 96 50 - Faks 70 25 96 51
Vakttel. 916 94 113 - www.remseth-maskin.no

Sko og sandaler

Smuget
6211 Valldal - Tlf./Faks 70 25 97 00
DAME - HERRE

Mandag - fredag 10-17 Lørdag 10-15

Tid for dekkskifte!

SUPER DEKK SERVICE

V/B VALLDAL BILSENTER AS
6210 VALLDAL - TELEFON 70 25 77 06 - FAKS 70 25 76 46

- butikken like i nærheten

VEKAS Joker

Gulost
Synnøve Finden
480 gram

19,90
Maks 5 pk. pr. kunde

Banan
Dole. Bendit
Pr. kg

joker

10'er

09-20 (18)
Jørgen Vinje
6250 STORDAL
Tlf. 70 27 80 51

09-18 (15)
Alf Tafjord
6213 TAFJORD
Tlf: 70 25 81 22

SPAR

Alle fiskeprodukt

Alle ferdigkutta salater

Knallpris! ÷40%

Findus
Ørretfilet
Laksefilet
Maringet Laksefilet
Maringet Laksefilet
Kjøttløst Fylte Rødsopp

Knallpris! ÷40%

Knallpris!
÷40%

"Ta det heilt Piano" 1 ltr.

Sjokoladepudding 19,90
Jordbærgele 19,90
Vaniljesaus 25,50

SPAR VALLDAL
Måndag - fredag 08-21
Laurdag 09-20

lumuri
Måndag - fredag 09-17
Laurdag 09-15

lumuri
H.L. MURI AS • Sylte • 6210 Valldal
Tlf. 48 08 21 01 - post@hlmuri.no
www.hlmuri.no



Magne Engeseth las ein tekst skreven av Arne Nydal, om pakkefestane til idrettslaget før i tida.



Jarl Ringstad Krohn imponerte med sin gitarimprovisasjon.

Klart ej kan!

Påskeaftan gjekk den tradisjonelle NIL-festen av stabelen, og også i år fylte den opp grendasalen i Norddal med fastbuande og påsketuristar.

John Kristian Hjelle
john.kristian@storfjordnytt.no

Ein grendasal med for høvet dempa belysning, vart etterkvart fylt opp av festkleddede menneske som sessa seg rundt duka bord. Det summa av forventning medan klokka gjekk mot annonsert programstart – og sjølvsgagt ein sunnmørsk halvtime over.

Pakkefestar og tilbakeblikk

Deltakarane vart ønska velkomne til årets fest med namnet "Klart ej kan" av Steinar Lunden Storås, og Magne Engeseth opna kvelden med eit tilbakeblikk til gulltida for den årlege pakkefesten, forløparen til dagens NIL-fest.

Teksten Engeseth las frå var ført i pennen av Arne Nydal, og mange minne frå 50-60 år sidan var henta fram. Den gong hadde ein tilhald i det ikkje lenger eksisterande ungdomshuset i bygda.

Pakkefestane gjekk føre seg på nyttårsaftan, og var likt avvikla frå år til år. Jentene/kvinnene gjekk saman to-tre stykk, og laga korgar med festmat, for det meste sjølv laga og heimeavla. Korgene vart pynta og gjort ukjennbare, slik at ingen skulle vite kven som hadde laga dei.

Dei fristande salsobjekta vart så auksjonerte ut på festen til karane, frå nykonfirmerte og oppover i alder, som også allierte seg to-tre saman og ved tilslag på ei korg vart bordkavalerar til dei som hadde sett dei i stand. Som ein kan skjønne var det spennande kven ein hamna ved bord med, og det vart referert til enkelte overhøyrt kommentarar frå den gong då, som "Ysja, e de du då", og "Nei, no fekk ej den kavaleren ej sakna".

Populære pakkefestar

I følge Nydal og Engeseth tok alle det sporty og med godt humør, og pakkefestane var så populære at ein av og til måtte ta både galleri og scene i bruk til spiseplass. Det brukte også å vere program med sketsjar og song. NIL-orkesteret stod for musikk til dansen, med gramofon som reserve i pausane, og dansen gjekk ut i dei små timar. Nokre dagar ut på nyåret var det

så tid for opprydding og skalkefest.

Pakkefesten var i mange år hovudinntektskjelda til idrettslaget. Magne Engeseth fortalte også ei historie om korleis det var å vere sjuk med kregdå når det var lagsmeisterskap andre påskedag, og ikkje få vere med til fjells og delta saman med dei andre.

Meir og mindre geskjeftige kvinner

Etter denne mimrestunda – det var ganske mange i forsamlinga som rekte opp handa på spørsmål frå Magne Engeseth om dei nokon gong hadde vore med på pakkefest – var det tid for sosa-kjøt, før sjølve programmet frå scena tok til.

Sceneunderhaldninga var i stor grad bygd opp rundt ei gruppe lokale kvinner, som ein fekk møte i ulike samanhengar.

Glajordet og Grueli

Det starta med klubbkveld, der ein vart presentert for dei ulike kvinnene og nærare kjent med deira særtrekk. Dei to ein fekk sjå mest til vidare utover kvelden var Klara Glajordet (spelt av Ragnhild Solli Grønningseter), ei evig optimistisk dame som tek på seg alle slags oppgåver og ansvar utan å egentleg ha tid til det ("klart ej kan"), og alltid presise Ågot Grueli (spelt av Kari Elisabet Løvoll Dalhus) som nok er av den meir skeptiske og pessimistiske typen. I eit eige innslag spelte Ågot Grueli gitar og song sin eigen "Gufset frå nord", som ikkje handla om orkanen.

Spa og sokneråd

Klara Glajordet sit sjølvsgagt i valkomiteen for idrettslaget, men etter fleire fåfengde forsøk på å verve nye inn i styre og stell finn ho like godt ut at ho nok skal greie å få det til å gå om ho tek verva på seg sjølv. Midt opp i det heile ser ho fram til ei frihelg med spa der ho verkeleg skal få slå seg laus og slappe av. Det går ikkje betre enn at ho blandar saman tid og stad for spahelga med soknerådsmøtet, og dei lettare sjokkerte og forfjamsa soknerådsmedlemane vert vitne til hennar endelikt då ho vert konfrontert av prosten og vert klar over mistaket sitt.

Vetlaus velting på trehjuls-sykkel

Inn i mellom innslaga frå livet til damane i bygda spelte Jarl Ringstad Krohn på gitar, og framførte også ein song. Det bør han halde fram med!

Vi fekk også ei spekulativ



Klara Glajordet prøvde inn i mellom alt anna å verve folk til styre og stell i idrettslaget, utan å lykkast.

framsyning av "Jackass på lavt nivå", der radbrekkande øvingar utan sikkerheitsnett vart utført på scena. Det var alt frå vettlaus velting på trehjuls sykkel til snurring på kontorstol med etter-

følgjande svimling og ramling. Råtassane bak dette var Steinar Lunden Storås, Kristian Eliassen og Torkjell Rønneberg. Lækjaren Ådne Hanset måtte trø til etter kvart stunt.

Film, song og sjølvsagt dans ut i dei små timar

Det vart synt fram ein film laga av John Kåre Storås der han køyrer på ski ned mot lagshytta på Rellingsetra, og Ådne Hanset,

Steinar Lunden Storås og Torkjell Rønneberg ("Ådne and the scumbags") song "In the ghetto", ei framføring dei vann publikumsprisen for under UKM.

Kvelden vart avslutta med

dans – tradisjonen tru til "ut i dei små timar".



Ei sørggjande forsamling deltok på likvaka til den alltid positive og optimistiske Klara Glajordet. Frå venstre Marit Rønneberg, Ida Hollum Relling, Steinar Lunden Storås, Martin Nystad, Norunn Beate Kaldhussæter og Kari Elisabet Løvoll Dalhus.